

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

Representanten **Rosalind Fosse** sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

«Hordaland fylkeskommune støttar søknaden då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpande for skuleeigarar. Hordaland Fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på studiespesialiserande plassar på vel 1200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til opplysning må nevnt Sotra vidaregåande skule sitt tilbod «teknologiline». Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande forslag:

«Ber om at saken blir betre opplyst til behandling i Fylkesutvalet med informasjon om pedagogikken til skulen, uttale frå kommune og eventuelle andre aktuelle aktørar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt framlegg fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.
Fosse sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster inkl. utvalsleiar si dobbelrøyst.
Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

OPHE ber om at saka blir betre opplyst til behandling i Fylkesutvalet med informasjon om pedagogikken til skulen, uttale frå kommunen og eventuelle andre aktuelle aktørar.

INNSTILLING

1	Hordaland fylkeskommune støttar søknaden då private skular er eit viktig supplement i utdanninga. Konkurransen av elevar er til fordel for elevane og skjerpande for skuleeigarar. Hordaland Fylkeskommune vil likevel påpeika at i Bergensregionen er det stor overkapasitet på studiespesialiserande plassar på vel 1200 plassar. Overkapasiteten i vest er ca. 300 plassar. Til opplysning må nevnt Sotra vidaregåande skule sitt tilbod «teknologiline». Dette må takast omsyn til i den aktuelle søknaden.
---	---